



Det kongelige kunnskapsdepartement

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:

Vår ref
2013/4211-3

Sakshand:
Ronde Schade,
ronde.schade@seljord.kommune.no

Arkivkode:
A19

Dato:
28.12.2013

Høringsuttale ang innføring av to opptak i barnehagen

Kommunestyret i Seljord handsama spørsmålet om utvida rett til barnehageopptak i kommunestyret den 12. desember 2013, jf. saksframlegg som er lagt med som vedlegg til dette brevet.

Dette er k-sak 65/13:

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2013

Formannskapet/økonomiutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 12.12.2013

Seljord kommune er positive til innføring av to årlege barnehageopptak og rår til at alternativ b med nytt opptak i oktober blir regulert i barnehageloven § 12 a andre ledd med verknad frå hausten 2014: «*Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen fra oktober i samsvar med denne loven med forskrifter.*»

Seljord kommune meiner det bør vere ei prioritert oppgåve å utvide retten til barnehageplass til å gjelde alle barn født før 31.12.

Det er ein føresetnad at utvida rett til barnehageplass blir fullfinansiert av staten.

Med helsing

Ronde Schade
Kommunalsjef



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval		19.11.2013
Kommunestyret		12.12.2013

Høringsuttale ang forslag til endringer i barnehageloven - Utviding av retten til barnehageplass og innføring av minimum to årlege barnehageopptak

Vedlegg:

- 1 Høringsnotat Det kongelige kunnskapsdepartement - Forslag om utviding av retten til barnehageplass

Saksutgreiing:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut forslag til endringer i barnehageloven på høring. I høringsnotatet er det fremja to alternativ for endring av gjeldande rett til barnehageplass, regulert av barnehageloven § 12 a.

a. *"To årlege opptak – Nytt opptak i februar*

Det første alternativet innebærer at barn som fyller ett år i september eller oktober etter søknad får rett til barnehageplass innen utgangen av februar året etter.

Kommunene må dermed som et minimum ha to årlege barnehageopptak. Opptakene bør skje med 6 måneders mellomrom slik at opptakene er mest mulig fordelt i løpet av året. Det bør dermed være ett opptak i august og ett opptak i februar.

Barn som fyller ett år i september eller oktober, vil få rett til barnehageplass fra februar året etter. Forslaget vil sikre kortere ventetid for barnehageplass for barn født i september eller oktober, og for barn som har fylt ett år og har flyttet til kommunen etter forrige opptak.

Forslaget innebærer imidlertid at barnehagene må ha kapasitet til å ta i mot barna som fyller ett år i september eller oktober, i barnehagen i februar. Kommunene må dermed tilpasse organiseringen av barnehageopptak til minimum to opptak i året, bl.a. ved å endre prosedyrene for søknader. Videre må kommunene øke barnehagekapasiteten. Forslaget vil kunne medføre at barnehagene i perioden fra august til februar dermed må ha en viss overkapasitet, både bygningsmessig og personalmessig.

Departementets forslag om et nytt barnehageopptak i februar for barna som fyller ett år i september eller oktober, vil kunne danne utgangspunktet for en ordning som kan utvides gradvis. En slik gradvis utvidelse utover forslaget i dette høringsnotatet vil først være aktuelt å innføre når det er budsjettmessig dekning for det.

b) To årlige opptak – Nytt opptak i oktober

Det andre alternativet er at barn som fyller ett år i september eller oktober etter søknad får rett til barnehageplass innen utgangen av oktober det året barnet fyller ett år.

Ventetiden for barnehageplass vil dermed bli kortere for barn som fyller ett år i september eller oktober, samt barn over ett år som nylig har flyttet til kommunen. Kommunene må dermed som et minimum ha to årlige barnehageopptak, ett i august og ett i oktober.

Kommunene må endre prosedyrene for søknader og tilpasse disse til ordningen med to opptak. Barnehagene må ha kapasitet til å ta i mot barna når barna skal starte i barnehagen i oktober. Barnehagene må derfor i perioden fra august ha en viss overkapasitet, både bygningsmessig og personalmessig.

At barn som fyller ett år i september eller oktober må vente til februar før de får rett til barnehageplass (alternativ a) kan medføre at overkapasiteten i barnehagene blir stående ubrukt. Opptak i oktober vil medføre bedre utnyttelse av barnehagekapasiteten enn ordning med opptak i februar og gjøre ventetiden for barnehageplass kortere.

Alternativet med nytt opptak i oktober vil kunne danne utgangspunktet for en ordning som kan utvides gradvis. En slik videre utvidelse utover foreliggende forslag vil først være aktuelt å innføre når det er budsjettmessig dekning for det."

Høringsteksten viser til det som er ei sentral problemstilling for begge alternativa: Det vil vere behov for auka bemanning frå oppstart av nytt barnehageår og dermed overkapasitet i ein periode utover hausten. Det vil vere vanskeleg å rekruttere kvalifiserte barnehagelærarar og assistentar frå oktober eller nyttår. Det vil og skape store vanskar for barnehagane å endre organiseringa og/eller bemanninga i barnegruppene midt i året.

Det vil vere naturleg at ei utviding av retten til barnehageopptak omfattar alle barn født før 31.12. kvart år og at det er barn født etter nyttår som må vente til nytt barnehageår. Alternativ 2 er såleis eit steg i riktig retning i arbeidet med å utvide retten til plass i barnehage og ei ordning som harmoniserer ganske godt med praksis for opptak lokalt i Seljord.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

Seljord kommune er positive til innføring av to årlege barnehageopptak og rår til at alternativ b med nytt opptak i oktober blir regulert i barnehageloven § 12 a andre ledd med verknad frå hausten 2014: *«Barn som fyller ett år i september eller oktober det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen fra oktober i samsvar med denne loven med forskrifter.»*

Seljord kommune meiner det bør vere ei prioritert oppgåve å utvide retten til barnehageplass til å gjelde alle barn født før 31.12.

Det er ein føresetnad at utvida rett til barnehageplass blir fullfinansiert av staten.

Utskrift til:

- Det kongelige kunnskapsdepartementet
- Barnehagane i Seljord kommune